

Saksbehandlar: Merete Farstad, Plan- og samfunnsavdelinga  
Sak nr.: 14/4581-9

## **Drift av Sunnfjord og Nordfjord vassområde – endring i organisering av prosjektleiar**

**Fylkesrådmannen rår Hovudutvalet for plan- og næring til å gje slik tilråding:  
Hovudutvalet for plan- og næring rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkesutvalet ser behov for å styrke arbeidet med vassforvaltning gjennom å skape meir føreseielege rammer og etablere eit sterkare fagmiljø i arbeidet.
2. Fylkesutvalet sluttar seg til at fylkesrådmannen søker å få etablert eit samarbeid med vassområda Sunnfjord og Nordfjord for å få på plass ein felles prosjektleiar for desse områda, der fylkeskommunen tek arbeidsgjevaransvaret. Det må vere ein føresetnad at stillinga vert finansierast som i dag, ved at stat, fylkeskommune og kommunane i dei to vassområda forpliktar seg til å vidareføre dagens spleiselag.
3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen gjennomføre tilsvarande samtalar med kommunane i vassområda Indre og Ytre Sogn for å avklare om det er grunnlag for å etablere ei felles stilling også for desse to vassområda. Ei ev. fellesstilling her må byggje på tilsvarande føresetnader som for Nordfjord og Sunnfjord.

### Vedlegg:

Brev frå Gloppen kommune 11.8.14 – innspel til møtet i vassregionutvalet 20.8.14.

### Andre dokument som ikkje ligg ved:

Referat frå møtet i vassregionutvalet 20.08.14

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Vassområda har hatt ansvar for å utarbeidet grunnlaget til Regional plan for vassforvaltning med eit tilhøyrande tiltaksprogram.

Arbeidet med vassforvaltning er eit kontinuerleg arbeid fram til vi har nådd miljømåla for vassførekomstane våre. Forvaltningsplanen og tiltaksprogram skal rullerast kvart 6. år. Det er 3 planperiodar, siste år i 3. planperiode er 2033.

Nordfjord og Sunnfjord vassområde har kome med ønske om ein felles prosjektleiar i 100 % stilling. Då finansieringa er avhengig av årlege løyvingar frå stat og fylkeskommune, vegrar vertskommunen seg for å tilsette ein prosjektleiar for vassområde fast. Det vert då vanskeleg å halde på godt kvalifisert personell som sikrar kontinuitet i vassområdet. Sunnfjord vassområde har i dag ledig ei 50 % stilling. Nordfjord vassområde har ein prosjektleiar i 50 % stilling ut året.

Gloppen kommune er vertskommune for Nordfjord vassområde. Dei ønskjer at fylkeskommunen tek det formelle ansvaret for ein prosjektleiar for Nordfjord og Sunnfjord. Stillinga vil bli finansiert

som eit spleiselag, som i dag. Også Førde som vertskommune for Sunnfjord er positive til ei endra organisering og pressar på for å få ei avklaring av di dei i dag manglar person i stillinga.

Fylkesrådmannen gjer framlegg om å etablere ei felles stilling for Sunnfjord og Nordfjord, med fylkeskommunen som arbeidsgjevar. Dette vil styrke rekruttering til stillinga, gje føreseielege rammer over tid, og styrkje arbeidet fagleg. Fylkesrådmannen gjer og framlegg om å drøfte tilsvarande ordning med vassområda Indre Sogn og Ytre Sogn.

## **2. Innhald i saka**

### Historikk - tidlegare vedtak

Arbeidsutvalet (AU) til vassregionutvalet (VRU) drøfta saka og gjorde følgjande vedtak 29.03.11:

#### Sak 2. Finansiering av prosjektleiarar til vassområdeutvala

*AU fekk i samarbeid med vassregionmynda oppdrag av VRU om å jobbe for å få finansiert prosjektleiarar til vassområdeutvala jf. sak 4 i VRU møtet 18.01.11.*

*AU går inn for ein prosjektleiar i 100 % stilling i kvart vassområde. I utgangspunktet bør utgiftene til finansiering av prosjektleiarar og drift av vassområda fordelast etter ein nøkkel på 50 % fordelt på kommunane, 25 % frå fylkesmannen (skjønsmidlar) og 25 % frå fylkeskommunen. Dersom ein får til andre finansieringskjelder bør dette gå til reduksjon av andelen til kommunane og fylkesmannen (skjønsmidlar). Det må søkjast om midlar frå fylkesmannen (skjønsmidlar), vertskommunen bør stå som søkjar på vegne av vassområdet.*

Prosjektleiarane i vassområda har vore finansiert gjennom eit spleiselag etter modellen nemnt over. Prosjektleiarane har vore tilsett i vassområda i 50 % stilling. Nordfjord starta med ein stilling i 100 % stilling, men gjekk over i ein 50 % stilling då prosjektleiar ikkje fekk utvida permisjonstida med meir enn 50 % stilling. Indre Sogn har hatt ein fast tilsett i kommunen til å administrere arbeidet. Dei sette bort arbeidet med å skrive tiltaksanalysen til Multiconsult.

Vertskommunar for vassområda i regionen er:

<b>Vassområde</b>	<b>Vertskommune</b>
Nordfjord	Gloppen
Sunnfjord	Førde
Ytre Sogn	Høyanger
Indre Sogn	Aurland

Vassregionutvalet gjorde følgjande vedtak i møtet 20.8.14:

*Vassregionutvalet ber vassregionmynda å arbeide fram eit konkret framlegg til ny organisering og finansiering av arbeidet med oppfølging av forvaltningsplan, tiltaksprogram og overvakingsprogram.*

### Sentrale problemstillingar

For å handtere arbeidet med oppfølging av forvaltningsplan, tiltaksprogram og overvakingsprogram, ser vassregionsmynda det som ynskjeleg å halde fram med prosjektleiarar i vassområda. Sogn og Fjordane har fire vassområde med ei 50 % stilling i kvart vassområde. Arbeidet med forvaltningsplanen har vist at dette ikkje har vore ei god løysing. Halve stillingar har gitt mindre fokus, meir ad hoc jobbing og svært ulik framdrift.

Vassregionmynda meiner det er behov for å sjå på organisering på nytt når vi no går inn i ei ny fase av arbeidet. Vi meiner det vil vere meir tenleg med to 100 % stillingar enn 4 stillingar i 50 %. Skal vi få dette til må vi og jobbe med ei føreseieleg finansieringsløysing for stillingane.

Prosjektleiaren for Sunnfjord slutta i februar utan at tiltaksanalysen for vassområdet vart ferdigstilt. Tiltaksanalysen for Sunnfjord er enno ikkje ferdigstilt. Førde kommune ønskjer å lyse ut stillinga som prosjektleiar i 50 % stilling, men ser at det vanskeleg å få kvalifiserte folk i 50 % stilling.

Gloppen kommune er vertskommune for Nordfjord vassområde. Gloppen skriv i brev av 11.8.14 at ordninga i dag ikkje fungerer. Dei som arbeider innan dette feltet bør ha 100 % stilling.

Stillingane slik dei er i dag bør erstattast med to 100 % stillingar, ei felles for Nordfjord og Sunnfjord og ei felles for Ytre Sogn og Indre Sogn. Det er trong for ei stabil driftsordning.

Gloppen kommune tar til ordet for at fylkeskommunen tilsett prosjektleiaren i fast stilling for å sikre kontinuitet i arbeidet. Finansiering av stillinga vil gå etter same lest som tidlegare, altså eit spleiselag mellom stat, kommune og fylkeskommune. For Nordfjord og Sunnfjord vassområde er det aktuelt at prosjektleiaren sit i ein vertskommune i eit av vassområda.

Det er trong for å vidareføre ordninga med prosjektleiar for vassområda for å kunne følgje opp vedteken plan, tiltaksprogram og overvåkingsprogram, samt å utarbeide grunnlaget for forvaltningsplanen for 2. planrunde. Dette arbeidet startar i 2016. Vassområdeutvalet med prosjektleiaren som sekretær har mellom ansvar for:

- drifte arbeidet i vassområda og etablere gode prosessar for å få til ein heilskapleg vassforvaltning
- sikre samarbeid mellom kommunane for å finne gode løysingar på deira ansvarsområde t.d. landbruk og avløp
- sikre samarbeid mellom lokale, kommunale og regionale aktørar
- organisere og samordne overvaking jf. det regionale overvåkingsprogrammet, spesielt innafør ansvarsområda til kommunane
- utarbeide notat om vesentlege vassforvaltningsspørsmål i vassområdet som grunnlag for revidert dokument om Vesentlege vassforvaltningsspørsmål for vassregionen for 2. planrunde
- revidere tiltaksanalysen for 2. planrunde.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

#### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Fylkeskommunen bidreg i dag med 25 % av drifta i vassområda. Skjønsmidlar frå fylkesmannen er 25 %. 50 % av finansieringa kjem frå kommunenivået.

Staten bidreg med midlar til vassområda. For 2014 er midlane på kr 885 000 fordelt til drift av vassregionen og vassområda. Staten sin del har vore aukande for kvart år. Fylkeskommunen har i tillegg løyvd kr 300 000 i egne midlar til arbeidet.

Vassområda har ulik fordelingsnøkkel for utrekning av delen til kommunen. Fordelingsnøkkelen har vore eit diskusjonstema i Nordfjord, og det har vore vanskeleg å bli samde. Det er til no valt å bruke fordelingsnøkkel som Nordfjordrådet nyttar, dvs. 25 % lik fordeling og 75 % etter folketal. Sunnfjord har brukt nøkkel der areal til kommunane vert teke omsyn til. To av kommunane i Nordfjord har teke til orde for slik kostnadsfordeling: 1/3 likt, 1/3 areal, 1/3 folketal. Enkelte kommunar har gjort andre vedtak enn det som har vore tilrådd av vassområdeutvalet. Fylkeskommunen er ved fleire høve bedt om å kome med ei tilråding til kommunane på korleis dei skal fordele utgiftene seg i mellom. Fylkesrådmannen meiner dette bør skje i ein dialog med kommunane.

#### Personalpolitiske konsekvensar

Fylkeskommune tek over personalansvar frå dei to vertskommunane Førde og Gloppen.

#### Plankonsekvensar

Stabil drift av vassområda vil sikre godt grunnlag for revidering og oppfølging av Regionale plan for vassforvaltning.

### **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen ser behov for å få ei betre organisering av arbeidet i vassområda for å sikre ein heilskapleg forvaltning, gje føreseielege rammer og styrke fagkompetansen. Fylkesrådmannen meiner difor det er trong for å endre organiseringa slik den er i dag, og etablere 100 % stillingar og fast tilsetting av personale. Det er vanskeleg å halde på halde godt

kvalifiserte personale gjennom engasjement og delte stillingar. Fylkesrådmannen trur og at ei slik ordning vil gje større fleksibilitet i arbeidet og betre utnytting av arbeidskapasiteten i eit samarbeid mellom prosjektleiarane til fylkeskommunen og prosjektleiarane for vassområda.

Fylkesrådmannen råar til at fylkeskommunen tilsett ein felles prosjektleiar for Nordfjord og Sunnfjord vassområde i 100 % stilling, og ber fylkesutvalet om mandat til å forhandle med dei to vertskommunane Førde og Gloppen. Fylkesrådmannen vil og råar til at det vert gjennomført samtalar med vassområda i Indre og Ytre Sogn for å avklare om det er grunnlag for ei felles stilling for desse vassområda.